



11/16/0/0 Søknad om å lempe på konsesjonsvilkår, Øvre Holsvegen 46, Hol

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Formannskap	

Rådmannens innstilling

Hol kommune lemper på konsesjonsvilkår sett i sak 80/21 i formannskapsmøte 09.06.21 jf. konsesjonslova § 11, ved at Reidar og Kjersti H Stenberg ikkje har buplikt på gnr 19 bnr 15 etter at dei overdreg driftseininga gnr 19 bnr 15 til neste generasjon, planlagt medio 2027.

Saken avgjøres av

Formannskapet

Vedlegg

Vedlegg

- 1 utsnitt gardskart gnr 11 bnr 16
- 2 Vedtak 11/16/0/0 Søknad om konsesjon ved erverv av landbrukseigedom som tilleggsjord
- 3 11/16/0/0 Søknad om å lempe på konsesjonsvilkår, Øvre Holsvegen 46, Hol

Saksopplysninger

Reidar og Kjersti H Stenberg søker om å få lempa konsesjonsvilkår i vedtak 80/21 i formannskapsmøte 09.06.21, då dei fekk konsesjon ved erverv av landbrukseigedom gnr 11 bnr 16 «Jordheim» som tilleggsjord til driftseininga gnr 19 bnr 15 m.fl «Rudningen»:

Hol kommune gir med heimel i konsesjonslova §§ 1 og 9, konsesjon til Reidar og Kjersti Stenberg for erverv av landbrukseigedom gnr 11 bnr 16 som tilleggsjord til gnr 19 bnr 15. Heimel skal delast likt mellom dei to, som for sine øvrige eigedomar i Hol. Kommunen har ikkje merknadar til kjøpesummen.

Det er eit vilkår at gnr 11 bnr 16 vert drive saman med Reidar og Kjersti Stenberg sine øvrige landbrukseigedomar på ein driftsmessig akseptabel måte, og vil no inngå i same driftseining i landbruket jf. jordlova § 12 sjette ledd.

Det vert sett vilkår om buplikt jf. konsesjonslova § 11, som kan oppfyllest ved at Reidar og Kjersti Stenberg sjølve held fram å bu på gnr 19 bnr 15 i minst 5 år.

Dagens grunneigarar av gnr 11 bnr 16 Reidar og Kjersti H Stenberg overtok saman heimel på gnr 11 bnr 16 den 20.10.2022 og vilkåret om buplikt gjeld då å bu på gnr 19 bnr 15 i minst 5 år etter den datoen.

I epost 02.06.26 skriv dei følgjande:

Buplikt på 19/15 Rudningen etter oppkjøp av 11/16.

Etter at gnr/bnr 11/16 ble kjøpt og lagt til som tilleggsjord på 19/15 så fikk vi 5 års buplikt på 19/15.

19/15 Rudningen skal overdras til neste generasjon i løpet av medio 2027.

Ettersom boplikten er til 22/10.27 gjør det at vi ikke kan selge gården før det.

Vi søker dermed om å få lette konsesjonsvilkåra sjøl om det berre er noen måneder igjen.

Slik at overdragelse kan skje uten at buplikt blir ett hinder.

Reidar Stenberg

Kjersti Stenberg

Dei søker altså om å lempe på konsesjonsvilkår slik at buplikta på gnr 19 bnr 15 opphøyrer når dei overdreg driftseininga til neste generasjon for vidare drift. Det er tale om 4-5 månadar av fastsett butid som då står att. Etter overdraginga ønskjer dei å flytte og bu på annan eigedom, det er bakgrunnen for denne søknaden så dei får gjennomført overdraginga som planlagt.

Til orientering har dei også søkt om å dele gnr 11 bnr 16 frå driftseininga gnr 19 bnr 15 for å busetje der. Det er ei sak etter jordlova og vert no lagt fram for Utvalg for plan og utvikling. Driftseininga gnr 19 bnr 15 består av fleire landbrukseigedomar inkludert støl på Prestholt med ysteri der, ysteri på gardstunet /driftsbygning. Det er stor mjølkeproduksjon på 200 geiter og lokal foredling av brun og kvit geitost (Prestholt geitost) samt ysting for andre (Hol ysteri).

Rettslig grunnlag:

Grunnlaget for handsaming av søknaden er Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom mv. (konsesjonslova) LOV 2003-11-28 nr 98. Fast eigedom kan etter konsesjonslova ikkje ervervast utan konsesjon med mindre eit av unntaka gjeld.

Av konsesjonslova § 4 fyrste ledd nr 4 går det fram at det er konsesjon for fast eigedom over 100 da.

Kommunen kan fastsetje vilkår jf. § 11 dersom det er naudsynt for å vareta omsynet til føremålet med ervervet, og kan etter søknad også lempe på slike vilkår.

Forhold til overordnet plan

Heimteigen er i arealdelen til kommuneplanen synt som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) der spreidd bustadbygging er tillate. Skog og utmark er synt som ordinært LNF område. Eit lite område ved Holsfjorden ligg innanfor planområdet av reguleringsplan Grønlie bustadfelt, og omfattar areal regulert til friareal.

Miljøkonsekvenser

Ingen registrerte natur- og miljøverdiar i Naturbase.

Økonomiske konsekvenser

Ingen for kommunen.

Vurdering

Saka vert lagt fram for politisk handsaming, fordi konsesjonsvilkåret i sak 80/21 også er fastsett politisk.

Reidar og Kjersti H Stenberg planlegg generasjonsskifte ved at driftseininga gnr 19 bnr 15 «Rudningen» vert overdrege til eit av borna deira som skal drive vidare med om lag 200 mjølkegeiter og ysteri som i dag.

Lovfesta buplikt på gnr 19 bnr 15 oppfylte dei alt i 1994, etter å ha kjøpt gardsbruket i 1989. Overdraginga til neste generasjon er planlagt i midten av 2027 og det vil då vere att 4-5 månadar av fastsett buplikt på gnr 19 bnr 15 som dei fekk ved kjøp av tilleggsjord på gnr 11 bnr 16 i 2022.

Det har vore /er vanleg praksis i Hol og andre kommunar å setje vilkår jf. konsesjonslova § 11 når aktive gardbrukarar kjøper tilleggsjord, ved at ervervarane kan oppfylle buplikta ved å bu i sin noverande bustad i 5 år. Dette tek utgangspunkt i at det gjeld erverv av tilleggsjord til eit aktivt gardsbruk, der eigarane må bu for å skjytte landbruksdrifta si (husdyrhald).

I konsesjonsvedtaket sto det spesifikt at ervervet av tilleggsjord førte til at eigedommen då inngår i driftseining med øvrig eigedom, men det følgjer eigentleg utan vidare etter jordlova § 12 sjette ledd heller enn at det er eit konkret vilkår jf. § 11 (ref. eigen delingssak i Utvalg for plan og utvikling). Det vesentlege er at heimelshavarar har sitt konsesjonstilhøve i orden.

Denne saka gjeld derfor berre vilkår jf. § 11 om 5 år personleg buplikt. Rådmannen understrekar at det er viktig å stå ved slike vilkår og handheve dei, men vurderer at denne saka er spesiell sidan det er tale om berre 4-5 månadar som står att og bakgrunnen for å lempe på vilkåret er for å gjere det mogeleg å overdra gardsbruk med stort geitehald og lokal foredling til neste generasjon. Rådmannen finn derfor at det ikkje er vesentlege argument

som talar mot å lempe på vilkåret, når føremålet er å sikre vidare drift både av gnr 19 bnr 15 med sine ysteri, men også Hol ysteri (drifta heng sterkt saman).